

# Årsmelding 2015

## Interesselaget Vangssago

Interesselaget Vangssago vart skipa 5.februar 1997 med siktemål å gjenreisa saga på høveleg stad med vassdriven sag. Etter eit imponerende dugnadsarbeid vart denne jobben ferdigstilt i 2005. Seinare er Fjølalavoen og Sagestovo ført opp, og totalt sett er det lagt ned meir enn 15.000 dugnadstimer på desse byggeprosjekta.

I 2015 kan vi notera 422 timar som fordelar seg på drift/demonstrasjonar av saga naudsynt vedlikehaldsarbeid og styrearbeid.

### Styret

Styret har i 2015 bestått av:

Terje Hellingsrud	leiar
Leif Nygård	nestleiar
Olger Leganger	styremedlem
Johanna Kalstad	kasserar
Karin Thauland	skrivar

Det er i 2015 halde 6 styremøter.

Av andre nemder kan nemnast valnemda som består av Gunvald Friheim og Olav G Guddal, arbeidsutvalet/dugnadsgjengen med Olger Leganger som leiar, samt revisorane Kåre Eik og Morten Nygård.

### Driftsmessig Orientering.

Den ordinære drifta har i 2015 i all hovudsak våre relatert til drift/demonstrasjonar av saga. Dei opne sagedagane som ein starta opp med i 2007 er framleis populære. Det vart gjennomført tre sagedagar i juli og ein i august. Sagedagane er eit samarbeid med Turistinformasjonen, og er først og fremst retta inn mot turistar og folk som er på besøk i Kvinnherad.

*Olger Leganger*  
*Terje Hellingsrud*  
*Karin Thauland*  
*Johanna Kalstad*

Vi har i 2015 nytta saga til saging av tømmer til Kjeldestøl Venelag , Trygve Øvstebø og Gurineprosjektet.

Fjølavovoen er framleis eit populert besøksmål og har fungert bra etter at det vart lagt nytt golv i den.

Sagestovo blir brukt som møtelokale for lag/organisasjonar og lokale bedrifter. Den har våre utleigt 12 gonger i 2015.

Dette gjev gode leigeinntekter for laget.

### **Markeringar /Milepælar.**

Den gamle oppgangssago i Rosendal var 140 årsjubileum i 2015.

Det årlege kulturarrangementet var det 9 ande i rekka vart halde på saga laurdag 20 juni. Då vart stykket Anna Gyria framført av Johanne Øvstebø Tvedten saman med Ole Jacob Hystad på saksofon. Dette stykket er skreve av Johannes Heggland og skildrar livet i ei sjøbygd på vestlandet kring 1845.

Det vart eit svært velykka arrangement med gode kritikkar i lokalavisene. Arrangementet kolliderte dessverre med Gurinebasaren men i samarbeid med Gurinearrangementet vart det sett opp buss frå Saga til Gurine fjæra.

Frammøte kunne våre betre og arrangementet bar seg ikkje økonomisk.

Slike arrangement er heilt avhengig av gode sponsorar og styret vil nytta høvet til å takka Tysnes Sparebank , Kvinnherad Elektro og SKL for økonomisk støtte.

### **Økonomi.**

Interesselaget Vangssago har opparbeid seg ein tilfredstillande økonomi , og dette gjev laget naudsynt handlefridom. I 2015 søkte vi om å få tilbakebetalt momskompensasjon frå 2014 på kr. 27498.- Vi fekk innvilga kr. 21494.- noko vi var svært nøgd med.

Rekneskapen for 2015 syner eit overskot på 15432 Pr. 31.12.2015 har laget kr134359,56 på bok. Grasrotandelen saman med skjereoppdrag , salg av ved og utleige av Sagestovo er ein viktig inntektspost for laget.

Terje Høllen  
Kåre Østland  
Jø  
Ole Jacob Hystad  
Ole Jacob Hystad

### Medlemstal / Medlemskontigent

Medlemstalet er på rundt 47 betalende medlemmer inkludert nokre firmamedlemmer.

Medlemskontigent er kr.150.- for privatpersonar og kr. 500.- for bedrifter. Sidan det ikkje vart sendt ut bankgiro på kontigenten for 2015 ,er det naudsynt at medlemene sørgjer for at denne vert innbetalt. Vi har registrert dette året at vi har hatt ein nedgang i medlemmer og vi må sjå på tiltak for å auka medlemstalet.

Det er etablert eit medlemsarkiv med E – postadresser til brorparten av medlemene, og dette gjer det enklare for styret å kommunisera med alle.

Styret vil elles leggja ut nyttig informasjon på heimesida.


### Arbeidet vidare / nye prosjekt.

Styret har ingen nye større prosjekt under planlegging. Utanom vedlikehaldsarbeid vil ei viktig oppgåve framover bli å oppretthalda interessa for Vangssago. Sagedagar ,kunnskapsformidling til born og skuleelevar samt kulturarrangement er her viktige bidrag.

### Sluttord.

Styret vil retta ei varm takk til alle medlemmer ,einskildpersonar,grunneigar og sponsorar for støtte og gåver.Ei ekstra stor takk til arbeidsutvalet / dugnadsgjengen med Olger Leganger i spissen som alltid stiller opp på arrangement og når noko skal gjerast på saga. Jobben dugnadsgjengen utfører er svært viktig for Interesselaget.

Rosendal 01.02.2016

  
Terje Hellingsrud

Styreleiar

  
Leif Nygård

Nestleiar

  
Olger Leganger

Styremedlem

  
Johanna Kalstad

Kasserar

  
Karin Thauland

Skrivar